

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

| | | | |
|---------------------------------------|-----------------|---------------|-------------------|
| Styre, komite, utval | Motedato | Sbh. | Saknr |
| Utval for levekår | 13.11.2012 | MMT | 079/12 |
| Kommunestyret | 28.11.2012 | MMT | 097/12 |
| Avgjerd av: Kommunestyret | Ansv. | Arkiv: | Arkivsaknr |
| Saksbeh.: Mette Marei Trøeland | SFF | N-211, N- | 12/416 |

KOMMUNAL TILSYNSPLAN FOR BARNEHAGESEKTOREN I MELAND KOMMUNE 2012 - 2015

Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|-------------------|---|
| 2 | U | 02.11.2012 | . | TILSYNSPLAN FOR BARNEHAGAR MELAND KOMMUNE 2012-2015 |

Saksutgreiing:

Meland kommune skal, som barnehagemynde, føra tilsyn med alle barnehagane. Lovgrunnlaget for tilsyn er heimla i Lov om barnehagar (17.juni 2005) § 16:

"Tilsyn: Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter."

I forrige kommunestyreperiode vart interkommunalt utarbeidd ein plan for tilsyn. I denne kommunestyreperioden har alle barnehagane i Meland hatt tilsyn. Erfaringa med ordninga har vore god.

Det ligg no føre framlegg til ny tilsynsplan. Framlegget er lagt ved saka som vedlegg.

Vurdering:

For å oppfylle lovverket, legg administrasjonen fram forslag til ny tilsynsplan for barnehagane. Planen inneheld ulike tilsynsformar og vil gje grunnlag for eit godt system for å sikra at barnehagane driv verksemda i samsvar med Barnehageloven.